

Områdeplan Sulafjellet:

Varsel om oppstart og høyring av planprogram

Del C – Private, C01 – C45

Samandrag av merknader med kommentar

<p>Samandrag merknader: Under er hovudinnehald i merknadene oppsummert. Alle originalmerknader i fulltekst blir vedlagt ved politisk behandling av planprogrammet.</p>	<p>Plankonsulent si vurdering/kommentar og eventuell tilråding til endring. For merknader som er like for fleire, blir det vist til felles kommentar i rada under.</p> <p>Merknader som berre gjeld den enkelte blir kommentert ved aktuell merknad.</p> <p>Merknader som fører til tilråding om justering av innhold i planprogrammet blir markert med kursivskrift.</p>
	<p>Felles kommentarar til fleire merknader: Ein del merknader er likelydande frå fleire partar. <u>Kommentarar som gjevd fleire merknader er samla opp i kolonna til høgre.</u></p> <p>Planprosess, samanhengande eller delt i to etterfølgjande prosessar: Nordplan si tilråding i planprogrammet er å gjennomføre planprosessen i ein fasé, med nødvendig detaljering av områdepelanen for utvalde område. Dette påverkar ikkje omfanget av konsekvensutgreiningar. Nordplan held fast på denne tilrådinga av same argument som i framsett i planprogrammet. Avgjerd i spørsmålet blir teken i politisk behandling av planprogrammet i Sula kommune.</p> <p><u>Er det lovlige å etablere taubane over eksisterande bustadhús?</u> Etablering av ei gondolbane er omfatta av Taubanelova av 2017. Lova av 2017 har ein del endringar i forhold til Taubanelova av 1912, som m.a. hadde reglar for konseksjonsbehandling av tiltaket. Etter ny lov skal tiltaket inngå i reguléringsplan etter Plan- og bygningslova (Pbl), ein må ha byggeløyve etter Pbl og ein må søke om driftstillatelse etter Taubanelova med forskrifter.</p> <p>Taubanelova av 2017 § 26 har slik ordlyd: "Det er forbudt å oppføre en bygning eller annen installasjon, plante, grave ut eller fylle opp innenfor 20 meter regnet fra taubanens midtlinje. Dette gjelder ikke om det foreligger en avtale med taubanevirksomheten eller annet</p>

<p>Felles kommentarar til fleire merknader:</p> <p>Ein del merknader er likelydande frå fleire partar. Kommentarar som gjeid fleire merknader er samla opp i kolonna til høgre.</p>	<p>Eieren eller rettighetshaveren har krav på vederlag etter skjønn for skader og ulempar som følger av tiltakene i andre ledd, og for eventuelle utgifter knyttet til dette.</p> <p>Nordplan AS har drøfta spørsmålet om det lovleg å etablere ei taubane over eksisterande bygg og bustadhus med Statens Jernbanetilsyn, som forvaltar lovverket etter Taubanelova.</p> <p>Det korte svaret er at det er lovleg.</p> <p>Ved føring av taubane over bustadhus må det både i reguleringssplanen og ikkje minst i søknad om driftstillatelse gjeraast sikkerheitsanalyser som set krav til dømes til avstandar mellom gondol og byggverk ut frå brannfare, fare for isnedfall og anna risiko. Som det følgjer av tredje ledd i paragrafen, vil føring av bane over bustader også vere grunnlag for krav om kompensasjon, eventuelt innløysing av eigedom.</p> <p><u>Spørsmål om berørte partar, sikringssone, kompensasjon m.v.</u> Ved føring av gondol over bustadområde, vil eigedommar og bustader i ulik grad bli påført ulempar av tiltaket. Både loverk og rettspraksis tilseier at tiltakshavar må pårekne kostnader til kompensasjon, avbøtande tiltak, eventuelt innløysing av eigedom.</p> <p>Det er ikkje noko enkelt eller matematisk svar på kven som blir definert som berørt og er kvalifisert for erstatning. Det er likevel skiltnad på bustader som ligg innanfor sikringssonan på 2x20 meter</p>
--	---

	<p>Felles kommentarar til fleire merknader:</p> <p>Ein del merknader er likelydande frå fleire partar. Kommentarar som gjevd fleire merknader er samla opp i kolonna til høgre.</p>	<p>som følger av Taubanelova og dei som ikkje gjør det, då bygg innafor sona vil få restriksjonar på byggjehøgde. Ulempa av desse restriksjonane vil igjen henge saman med kor høgt over byggag gondolbana går.</p> <p>Det er heller ikkje slik at bygg utanfor sikringssona automatisk er utelukka frå kompensasjon, ulempar som til dømes innsyn må vurderast i kvart enkelt tilfelle.</p> <p>Både krav om avbøtande tiltak, innløysing, kompensasjon og storleiken på denne, blir i første runde eit tilbod frå tiltakshavar og forhandling mellom tiltakshavar og dei som hevdar ulempa om ein frivillig avtale - slik det også blir der tiltakshavar treng å erverve grunn til bygg og faste installasjonar. Blir ein ikkje samde om ein avtale, må saka avgjeraast ved skjønn eller av domstol.</p> <p>Tiltakshavar har så langt skissert følgjande utgangspunkt for tilbod og forhandlingar:</p> <ol style="list-style-type: none"> Bustadeigedommar under traseen: Tilbod om innløysing av eigedom til full marknadsverdi (takst) sett før planar om gondolprosjektet vart kjent Bustadeigedommar innanfor sikringssona (normalt 40-meter): Tilbod om ein kombinasjon av erstatning som dekker anslått fall i marknadsverdi, samt direkte kostnader for avbøtande tiltak (skjerming o.l.) Bustadeigedommar utanfor sikringssona: For bustadeigedommar som openbart blir påverka av gondolbana med tanke på innsyn o.l., vil tiltakshavar i samarbeid med grunneigar på individuelt grunnlag sjå på moglege avbøtande tiltak. Særskilte tilfelle: Tiltakshavar er kjent med bustad/tomteigarar innanfor kategori a) og b) som uavhengig av gondolplanae allereie er i salsposisjon på grunn av flytting, og som no fryktar
--	--	---

<p>Felles kommentarer til flere merknader: Ein del merknader er likelydande frå fleire partar. Kommentarar som gield fleire merknader er samla opp i kolonna til høgre.</p>	<p>sviktande marknad/verdifall på grunn av planinitiativet. For desse konkrete tilfella vil tiltakshavar tilby overtaking til full marknadsværdi.</p> <p>Tiltakshavar signaliserer vilje til å gå ut over lovkrav og etablert rettspraksis for å minimere berørte partar sin økonomiske risiko som følger av prosjektet.</p> <p><u>Plan for dialog med berørte partar:</u> Nordplan rår til at teksten under blir teken inn i kapittel 4.2 Medvirkning og informasjon:</p> <p><i>I perioden desember-21 til og med mars-22 planlegger tiltakshaver å invitere til, arrangere eller være tilgjengelig for;</i></p> <ul style="list-style-type: none">- <i>Presentasjons- og dialogmøter med eiere av nærliggende boliger (Remane, Molværsvegen, Karibakken, Mikalgården og Harhaugvegen), samt berørte grunneiere.</i>- <i>Presentasjons- og dialogmøte med politiske/folkevalgte grupperingar, herunder medlemsmøter, gruppemøter, utvalgsmøter o.l.</i>- <i>Presentasjons- og dialogmøter med lokale lag og foreninger i medlemsmøter, styremøter eller egne informasjons- og dialogmøter, herunder Vern om Sula, foreninga Vonløypa, Langevåg Idrettslag, Rideklubben og andre faglige og/eller sosiale grupper.</i>- <i>Bemannet informasjonsareal på Devoldfabrikken på nætere spesifiserte dager.</i> <p><i>For nærliggende beboere og politiske grupperinger har tiltakshaver som mål å arrangere møte på Norsk Maritimt Kompetansesenter/ AugmentCity AS for å vise visualiseringa, den "digitale tvillingen" i fullversjon og 360-graders visning.</i></p> <p><i>I øvrige sammenhenger vil den digitale tvillingen bli vist på vanlig lerret, supplert med oppdatert faktainformasjon.</i></p>
--	---

<p>Felles kommentarar til fleire merknader: Ein del merknader er likelydande frå fleire partar. Kommentarar som gjeld fleire merknader er samla opp i kolonna til høgre.</p>	<p>Gjennom 1. kvartal 2022 vil prosjektorganisasjonen ha som prioritet å bidra mest mulig til en konstruktiv og avklarende dialogprosess, og vil fortlopende kunne svare på spørsmål, vurdere innspill og gi tilbakemelding på disse."</p> <p>Kommentar til risikovurdering generelt og under bana spesielt: I samsvar med kapittel 3.4 i planprogrammet skal det utført ei analyse for risiko og sårbarheit (ROS-analyse). Denne kjem i tillegg til konsekvensutgreiingane og fangar opp evrurderingar for risiko og sårbarheit. Når det gjeld faremoment under eller nær gondolbane, vil dette bli tema både i ROS-analyza i reguleringsplanen og i baneleverandøren si sikkerheitanalyse som skal ligge ved evt. søknad om driftstillatelse. Sikkerheitsanalysa vil ta for seg ei rekke forhold, mellom anna avstand til bygningar og fare for nedfall frå bane.</p>	<p>Kommentar til "Lite gjennomgangstrafikk forbi planområdet" Punkt 1.8 i planprogrammet – om Transportbehov/kjent kunnskap: Setninga om "Lite gjennomgangstrafikk forbi planområdet" refererer seg til at Langevåg sentrum ligg i den vestlege enden av fv. 657, og at det er ikkje gjennomgangstrafikk i planområdet, slik det er skrive i planomtalem til sentrumsplanen, utarbeidd av Norconsult. Med dette meiner ein ikkje å seie noko om kor stor eller liten trafikken er, men at trafikken gjennom planområdet har sitt mål eller kjem frå ein stad på Langevåg, det er ikkje trafikk som passerer gjennom sentrum på veg til og frå andre hovudmål. Sidan det oppstår tvil om kva som er meint, rår vi til å skrive om avsnittet om kjent kunnskap, slik:</p>	<p>Trafikk og parkering er vurdert i pågående arbeid med områdeplan for Langevåg sentrum. Kap. 4.9 i planomtalen sier m.a. dette om trafikksforhold: Langevåg sentrum ligger i den vestlige enden av fv. 657, og det er ikke gjennomgangstrafikk i planområdet. Trafikkmengda på fylkesvegen er om lag 5000 i ÅDT (årsdøgntrafikk). På Molværsvegen rett sør for Devoldfabrikken er trafikkmengda om lag 2700 i ÅDT. Manglende tilrettelegging for gående og syklande er ei</p>
---	---	---	---

<p>Felles kommentarart til flere merknader: Ein del merknader er likelydande frå fleire partar. Kommentarar som gjeld fleire merknader er samla opp i kolonna til høgre.</p>	<p><i>utfordring i sentrumsatene og på deler av det til-liggende kommunale gatenettet.</i> <i>Undersøkinga av parkeringskapasitet viser at område som Lerheimkaia, området rundt Rådhuset og sjøsida av Devold har høyt belegg.</i> <i>De aller fleste område har middels til lavt belegg. Dette gir et handlingsrom for vidare planarbeid, og det kan være rom for at parkeringsområde blir omdisponert.</i></p> <p>Kommentar til alternativsvurdering for gondolbane I planarbeidet vil det opprinnelige alternativ A bli omtalt, som eit samanlikningsgrunnlag. Vi er merksame på at kommunestyret har avvist denne løysinga. Det vil også bli illustrert alternative traséar med andre startpunkt enn Devoldfabrikken, for å vise positive og negative sider for desse. Mest arbeid – og full utgreiing – vil bli lagt i ulike traséar/ variantar innafor hovudalternativet som blir kalla alternativ B, for å finne den beste traséen, som har færrest ulempar.</p> <p>Når det gjeld regulering av alternativ som ikkje har startpunkt i området ved Devoldfabrikken, så kan Sula kommune sjølvsagt i ein områdereguleringssplan utgjeie trasé for gondolbane med startpunkt på alle moglege stader innanfor kommunen. Men i samarbeidsavtalen mellom tiltakshavar og Sula kommune om utarbeiding av planen, er formålet med planarbeidet mellom anna presisert til å "avklare ein mogleg trasé for gondolbane frå Devoldfabrikken til Rundehornet inkl bunn-, mellom- og topptasjon."</p> <p>Startpunkt i området ved Devoldfabrikken er ein føresetnad for avtalen og for det varsila planarbeidet. Sula kommune står sjølvsagt fritt til å utgjeie traséar med andre startpunkt, men det må i så fall skje etter ein annan avtale.</p>
---	---

	<p>Kommentar til tema <u>Folkehelse</u> Nordplan rår til følgjande endringer i kapittel 3.3 Konsekvensutredningstema (jamfør kommentar til Statsforvaltaren)</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Nytt avsnitt: <u>Folkehelse.</u> <p>Punkt under utredningsbehov:</p> <p>"Vurdering av påvirkning på beboere under eller nær gondolbana, for eksempel innsyn fra gondol til bolig."</p> <p>"Avveining av positive og negative sider av endra tilgjengelighet til friluftsområdet på Sulafjellet."</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Endring i avsnitt Samfunnsskonsekvenser: Avsnitt om gondolbanens berøring av private eiendommer/fotavtrykk samt utredning av virkninger for boliger under eller nær banen flyttes til kapittel Folkehelse. <p>Utgreiling av folkehelsetema vil gjelde verknader av tiltaket, ikke verknader av planprosesen.</p>	
C01 – 25.09.21 og 24.10.21 Olav Hoff	<ul style="list-style-type: none"> ■ Har ikke fått informasjon om at hytta som han eier ligg innanfor planområdet ■ Ulike kartutsnitt viser ulike plasseringar av mellomstasjonen, men felles er at begge plasseringane vil ha stor innverknad på bruk, nytte og hygge av opphold på hytta ■ Tiltaket vil ha stor negativ verknad, både på eigar av hytte, plante- og dyreliv, kulturmiljø, landskapvern m.m. og som mykje brukt friluftsområde. Det er stor fare for at tiltaka vil gjøre uboteleg skade, og krenke ei rekje lover som skal verne natur og friluftsliv ■ Planområdet dekker store delar av Sulafjellet som vert mest nytta til turområde i dag til beste for folkehelsa. Tiltaket vil gi negativ total effekt for folkehelsa. Det er ikkje planlagd tiltak på Vardane 	<p>Kommentar:</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Vi beklagar at nokre eigarar av festetomter ikkje fekk direkte varsling i brev. Bra at varslinga likevel vart fanga opp og merknad gjeven. ■ Utbygging som skissert med mellomstasjon nord for Svanshornet vil vere til ulempe for hytta i området. Dette vil bli tema i planprosessen vidare. ■ Konsekvensvurderinga vil gjere vurderingar for naturmangfald, friluftsområde m.v. Endeleg omfang av tiltak og utstrekning av planområdet vil bli vurdert i lys av dette. ■ Kulturminne er registrert av M&R Fylkeskommune og blir teke omsyn til.

	<p>pga. stor utfart. Svanshoret er meir besøkt enn Vardane, men likevel er det planlagd zip-line, tårn og utsynsplattå her. Dette fjellområdet må takast ut av planen</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Planprogrammet bør forkastast. Eller i det minste bør planområdet innskrenka slik at Svanshoret og området mellom Svanshoret og Loppeheimen vert spart for inngrep ▪ Jernbanetilsynet må varslast i plansaka pga. planlagd etablering av zip-line ▪ Tiltaket vil vere til stor skade for friluftslivet på Sula og eigne interesser som hytteeigar, og han motsett seg planane på det sterkeste og vil om naudsynt gå til søksmål for å stanse tiltaka i området. Hytta har vore i eige sidaan 1967 og er under oppgradering ▪ Planen manglar tiltak i høve til registrering og vern av kulturminne frå gamal seterdrift i området Loppeheimen – Randibruna. 	Kommentar: Planprogrammet vil bli oppdatert med nye kart i kapittel 2.2.
C02 – 09.10.21 Harriet Havnegjerde og Jamie Harris	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Det nye huset er ikkje med på trasékartet som er nytta i planprogrammet. Slik traséen er teikna inn vil denne kome veldig nær husveggen. <p>Planprogrammet må oppdaterast med nyare kart.</p>	Kommentar: Planprogrammet vil bli oppdatert med nye kart i kapittel 2.2.
C03 – 08.06.21 og 25.10.21 Martin Kipperberg	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Har 130-150 beitedyr på Sulafjellet, beiter i området Rundehornet – Grøthornet. Bygging av restaurant-bygg og andre tiltak vil auke menneskeleg aktivitet, og det må gjeraast tiltak for å ivareta dyrevelferd både før, under og etter bygging av gondol m.m. ▪ Ved ca. 300 m.o.h. på kvar side av anleggsvegen, må det settast opp sperregjerde med port. Utforming, plassering og materialbruk er viddare skildra i merknaden ▪ Heile restauranten må gjerdast inne tilsvarende. I anleggsperioden må heile området sikrast. 	Kommentar: Takk for informasjon. Omsyn til beitedyr vil bli vurdert for anleggsfasen og for driftsfasen. Beitedrift er nemnt i kapittel 1.8, men vi rår i tillegg til følgjande justering av planprogrammet: <ul style="list-style-type: none"> ▪ Nytt avsnitt for Jordressurser i kap 3.3 Konsekvensutredningstema med følgjande utgreiingsbehov: <i>"Virkning for beiteområdet, evt. behov for fysisk eller elektronisk gjerdehold."</i>

<p>CO4 – 20.09.21 Fleire innbyggjarar, mulig berørte ved trasé A og B</p>	<ul style="list-style-type: none"> ■ Vises til at kommunen har informert om ein ryddig prosess der ein utarbeider områdeplan først og så seinare gjennomfører detaljregulering. Det berørte grunneigarane ønskjer ein prosess som lova. ■ Kommunen eit områdeplanen og bestemmer kva som skal belysast og i kva grad. Kostnadene skal ikkje vere argument for ein forhasta prosess. ■ Det er vedtatt at det skal leggast til grunn ein god dialog med berørte. 	<p>Kommentar: Sjå felles kommentarar øverst i dokumentet for:</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Planprosess ■ Plan for dialog med berørte partar
<p>CO5 – Nina B. Solnørdal og Vivianne Østrem</p>	<ul style="list-style-type: none"> ■ Det kjem ikkje fram av dokumentet at tryggleik for bustadane (t.d. fare for nedfall) under taubana vil bli konsekvensutgreia. I den samanhengen vises til tilsvارande sak i Voss og domsavgjelse vedr. ersetning: 20-0300115KI-GULA/AVD2. Det bør i tillegg hentast inn avklaring frå Samferdselsdepartementet om det er lov å bygge taubane/gondol over bustadområde. ■ Lite gjennomgangstrafikk forbi planområdet er ikkje beskrivande for real trafikkmengd. Det er mange som bur og ferdist vest for Devold både til og frå heimen, skule, barnehage, arbeid og fritidsaktivitetar (tal er oppgitt i merknaden). I tillegg stor trafikk til/fra turområde. Alle desse må ferdist under taubana. ■ Det vert reist spørsmål om ikkje loven krev fleire alternative traséar. Alternativ A er ikkje eit reelt alternativ, men eit alternativ allereie nedstemt av kommunestyret. Korleis stiller krav om alternative traséar seg til at botn- og toppstasjon har låst plassering? ■ I tidlegare orientering frå ordførar var det sagt at ein først skulle utarbeide områdeplan også etter på detaljplanar. Det berørte er ikkje definert av tiltakshavar, og ber om at det vert definert kven som 	<p>Kommentar: Sjå felles kommentarar øverst i dokumentet for:</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Risiko ■ Planprosess ■ Gjennomgangstrafikk ■ Alternativsvurdering for gondolbane <p>Tåke er ikkje eit problem for tryggleiken ved bana, men vil påverke besøkstalet. Eit moment tiltakshavar vil ta med seg i vurderingane.</p>

	<ul style="list-style-type: none"> ■ er berørte, kva metode som skal avgjere dette og kven dei berørte er. Dialog må startast straks ■ Alternativ B er omtalt som eit fordyrande alternativ. Det har tidlegare vore sagt at utgifter for tiltakshavar ikkje skal vere avgjerande. Det kan ikkje stemme at berre nokre av dei berørte eigedomane er aktuelle for kompensasjon ■ Tåke er ikkje nemnt som problemstilling under klima. Rundehornet er den toppen på Sulafjellet med høgreståande tåke. ■ Gondolprosjektet vil føre til at ei stor gruppe aktive brukarar av fjellet om området vil finne seg nye turmål. Dette er ei gruppe som er aktive (kommunens mål) og som håndlar turmat og turklede lokalt. Dette vert no ønska erstatt av hovudsakeleg cruiseturistar som det viser seg legg igjen svært lite pengar lokalt 	
C06 – 22.10.21 Marita Skjong	<ul style="list-style-type: none"> ■ Viser til problematikk rundt slitasje på fjell-/ turstiar i området. Auka traffikk på Sulafjellet av turgåarar vil føre til slitasje på naturen. ■ Korleis tenker ein å verne terrenget mot denne slitasjen? Og vil det bli restriksjonar på bygging av gapahukar, utsiktspunkt og andre installasjoner? ■ Kor inngripande blir endestasjonen for zip-line på Svanshornet, både storleik på bygg/tårn og støy. ■ Kor store områder rundt gondolbane, restaurant og tilkomstvegar vil konsekvensen bli utgreia og kva konsekvensar har dette for plante/dyre/fugleliv? ■ Vil konsekvens for lysforureining frå gondol og restaurantbygg for dyr og fugl bli vurdert ■ Vil auka biltrafikk på sørssida, Nøringset, bli utgreia? ■ Ser det som sannsynlig at fleire vil gå opp på fjellet får sørssida, når gondol bli bygd. Blir det utgreia behov for parkering på sørssida? 	<p>Kommentar:</p> <p>Innanfor planområdet vil reguleringssplanen klargjere kva type tiltak det blir opna for i ulike område. Det er for tidleg å svare på detaljar om tiltaka ved oppstart av planarbeidet.</p> <p>Konsekvensvurdering for naturmangfold inkludert fugl og vilt vil også gjeld fjellplatået utanfor planområdet.</p> <p>Når det gjeld slitasje og eventuelle tiltak på stiar som ligg utanfor planområdet, så vil dette måtte behandles i eigne søknader.</p> <p>Trafikk- og parkeringsvurderingar vil bli konsentrert om Langevågs sentrum.</p>

C07 – 22.10.21 Vidar Mostrøm	<ul style="list-style-type: none"> ■ Krev ei konkretisering og ei konsekvensanalyse av kvarfor dette prosjektet er samfunnsnyttig, og kva som er ringverknadane for Sula kommune ■ Krev ei uavhengig analyse av dei negative sidene ved dette prosjektet. ■ Ber om ei uavhengig analyse av forretningsplanen for dette prosjektet. ■ Ber om ei utredning av tal på arbeidsplassar som dette vil tilføre Sula kommune, samt storleiken på skatteinntekter til kommunen. ■ Ber om innhenting av data om det er lovleg å etablere ei gondolbane gjennom eit veletablert bustadområde. ■ Still spørsmål ved om det er riktig at Taubanelova vert nytta til å definere dei som vert påverka. Påstanden er at denne kan nyttast ved motsett tilfelte, at det skal byggast under ei allereie eksisterande gondolbane. ■ Ber om å få vite kva slags metodar som vert nytta for å definere/bestemme kven som vert påverka. ■ Det er for tiden ein rettsprosess på Voss angående etablering av gondolbane over etablert bussetnad. Ber om at det innhentast informasjon frå dei det gjeld på Voss om korleis det er å bu under ei gondolbane. 	<p><u>Kommentar:</u></p> <p>Sjå felles kommentar øverst for:</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Spørsmål om det er lovleg å etablere taubane over eksisterande bustader ■ Spørsmål om berørte partar, sikringssone, kompensasjon <p>Utarbeidning av ei verdiskapings- og ringvirkningsanalyse ligg inne i planprogrammet.</p> <p>Konsekvensutgreiinga skal vurdere både positive og negative sider av tiltaket.</p>
C08 – 24.10.21 Solveig og Per Yndestad	<ul style="list-style-type: none"> ■ Planen som den ligg føre vil gjøre bustaden på gnr 109/428 umogleg å bu i. Banens tryggleikssone på 20 m frå senterline vil dekkje meir enn 60% av vår bustad. ■ I følge Taubanelova er det ikkje tillaten å bygge bustadar under ei taubane. Det er då grunnlag for at tiltakshavar innhentar avklaringar frå Samferdselsdepartementet om det er lovleg å bygge taubane over bustadar og bustadområde. 	<p><u>Kommentar:</u></p> <p>Sjå felles kommentar for:</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Plan for dialog med berørte partar ■ Kommentar til spørsmål om det er lovleg å etablere taubane over eksisterande bustadhús ■ Spørsmål om berørte partar, sikringssone, kompensasjon <p>Vi er samde i at bustaden blir vesentleg berørt av gondolbana slik linea ser ut på dette tidspunkt. Dette vil si Øvsagt bli tema i den</p>

<ul style="list-style-type: none"> ■ Har Sula kommune vurdert at positivt vedtak for gondol kan medføre rettsak av dei det gjeld mot kommunen? ■ Ber om at tiltakshavar innhentar informasjon frå rettsakene og bebuarane for å få ei betre innsikt i korleis det opplevast å bu under ei gondolbane. ■ Det er av stor interesse å få informasjon frå tiltakshavar om kva som vil vere opnings-/driftstida for denne banen, og kven som vil ha myndigkeit til å regulere opnings-/driftstid. ■ Tiltakshavar må informere om kva slags metodar som vert nyttja for å definere dei det gjeld, og kva som meinast med kompensasjon til enkelte. ■ Det må i detalj gjeraast greie for kva for konsekvensar tiltaket har for den enkelte bebuar. Dette inkluderer økonomiske konsekvensar, samt konsekvensar for livskvalitet. ■ Det må leggast fram ei plan for grunnverv og kompensasjon til dei eigedomane det gjeld som får påført eit verditap. ■ Det stillast spørsmål om når den «positive dialogen med bebuarane» startast opp. Reknast dialogen på facebooksida som dialog med bebuarane? ■ Kva tid kan ein forventa ein personleg og «god dialog» med tiltakshavar? 	<ul style="list-style-type: none"> ■ planlagde dialogen som er skissert i Plan for dialog med berørte partar. ■ Opningstid/driftstid vil vere eit tema som bør drøftast i reguleringssplanen. 	<p>C09 – Vegard O. Sandvik og Nina B. Solnørordal</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Ynskjer ein oppdelt prosess. Dette vil gjere at prosessen vert grundigare. ■ Ein bør ikkje låse prosjektet frå starten av, men jobbe med å utgreie ulike moglegheiter. ■ Anbefaler å lese byggforskriftsbladet om programmering og prosjektering ■ Meiner at krav i pbl om utredning av ulike alternativ ikkje er oppfylt i planforslaget, sidan trase A er vedtatt nedstømt i kommunestyret, og det bør <p>Kommentar:</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Sjå felles kommentarar for: <ul style="list-style-type: none"> - Planprosess - Alternativsvurdering for gondolbane
--	---	---

	krevjast utgreie eit alternativ som ikkje går over busetnad.	
C10 – 24.10.21 Synnøve Molnes	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Ber om innhenting av avklaring frå Samferdselsdepartementet om det er lovleg å byggje ei taubane over bustadområde. Nenner også sak på Voss. Og definisjon på kven som er berørte.. ▪ Og om det er riktig at taubaneloven nyttast. ▪ Ber om at dei estimert positive ringverknadane av Destinasjon Sulafjellet blir konkretisert og analysert. ▪ Ber om at planprogrammet definerer og konkretiserer kvifor dette prosjektet er samfunnsnyttig. ▪ Ber om at det utgjeraist alternativ plassering. ▪ Ber om at det ikkje køyrrast to parallele prosesser, men to separate prosesser som vil redusere risiko for manglar i kvalitetssikring. ▪ Utsagn i planprogrammet som ikkje tilfører noko til formålet bør fjernast, slik som «prosjektet vil legge til rette for aktiv bruk av Sulafjellet i alle årstidene og gjøre det meir tilgjengeleg for folk i alle aldrar og meistringsnivå» ▪ Konsekvensane for naturen og dyrelivet på Sulafjellet vert katastrofale, og bør grundig utgjeraist. 	<p>Kommentar:</p> <p>Sjå felles kommentarar for:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Planprosess - Plan for dialog med berørte parter - Spørsmål om det er lovleg å etablere taubane over eksisterande bustadhús - Spørsmål om berørte parter, sikringssone, kompensasjon <p>Utarbeiding av ei verdiskapings- og ringvirkningsanalyse ligg inne i planprogrammet.</p> <p>Konsekvensutgreiing for naturmangfold på Sulafjellet ligg inne i planprogrammet.</p>
C11 – 25.10.21 Peder-Helge Måseide	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Oppfordrar tiltakshavar og kommunale organ til å inkludere hele løypenetet ned mot Eikrem og Mausa, dersom planprogrammet skal opne for mogleg anleggsveg frå syd. Tilkomst på eksisterande skogsveg frå Eikrem vil gi vesentleg kortare anleggsveg. ▪ Parkeringskapasiteten på Mausa er ikkje tilstrekkeleg for dagens bruk. Denne parkeringsplassen skal fungere som hovedport til Sulafjellet. 	<p>Kommentar:</p> <p>Anleggsvøg frå sør/sida/Eikrem vil inngå i vurdering av alternative løysingar. Dersom denne løysinga blir valt vekk, vil ikkje reguléringsplanen omfatte tiltak på Mausa.</p> <p>Dette betyr ikkje nødvendigvis at opprusting av parkeringskapasitet på Mausa ikkje vil vere interessant for prosjektet, men det vil ikkje bli utgjera i denne reguléringsplanen.</p>

	<ul style="list-style-type: none"> ■ Gondolprosjektet vil bety vesentleg økt og utvida bruk av Sulafjellet, og vil bidra til ytterlegare auke av friluftaktivitetar også frå/på vår side av Sulafjellet. ■ Fungerande trafikk- og parkeringsøysingar på sydsida av Sula må planleggast og etablerast. ■ Legg til grunn at konsekvensutgreiningar i Gondolprosjektet fangar opp problemstillingar på sørssida, ikkje berre mtp. ein eventuell anleggsveg. 	
C12 – 25.10.21 Anita Malmedal	<p>Det må konkretiserast om alpinanlegg frå Rundehornet høyrer med i planen eller ikkje. Dersom eit alpinanlegg skal vere del av planen, forventast det at ei konsekvensanalyse også inkluderer:</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ avklaring med grunneigarar, og at det er innafor planområdet ■ avklaring at det ikkje er i konflikt med hytter, landbruk og beiteområde ■ avklaring om det er Flakkgruppen som skal drive anlegget, eller om det er tenkt at drift og vedlikehald skal drivast av private/stifting /idrettslag ■ at det følger krav til slike anlegg, jf. Rettleiar for alpinanlegg ■ plan for opparbeiding, sprenging, grøfting (det er hovudsakleg myrområde/våtmark), planering, tilkomst/veg, straum, vatn og avløp til varmestove/toalettanlegg og øvrige bygningår og omfattande lysanlegg ■ korleis drift av snøproduksjonsanlegg og anleggsmaskiner til preparering er tenkt plassert ■ analyse av snøforhold og klima ■ estimert kostnadsbilete av bygg, drift og vedlikehald ■ estimert besøkstal ■ sikringstiltak, avsperringar, trygging og førstehjelp ved ulykker 	<p>Kommentar:</p> <p>Planprogrammet viser at alpinanlegg mellom Rundehornet og mellomstasjon + eit eventuelt skitrekk sør for Rundehornet vil bli vurdert og kan ingå i reguleringsplanen. Begge deler ligg i så fall innafor den planavgrensinga som er vist i planprogrammet.</p> <p>Dei ulike konsekvensutgreiningar vil avklare kor mykje av dette som er aktuelt å realisere. Generelt vil tiltak som vert vurdert som uaktuelt føre til at planområdet blir redusert.</p> <p>Dei fleste punkt som er trekt fram i merknaden vil bli vurdert for evt. alpinanlegg.</p> <p>Kulturminne blir registrert og markert i reguleringsplanen.</p>

	<ul style="list-style-type: none"> ■ korleis verne kulturminne i området, jf. Kulturminnelova <p>Dei gamle steininnhengingane for dyr ligg midt i området for alpinløyper. Desse er ikkje ført opp som kulturminne i planen, og må takast omsyn til i prosessen.</p>	<p><u>Kommentar:</u></p> <p>Merknadene – særlig under første punkt har mange felles trekk med uttale frå Vern om Sula. Vi viser til kommentarar til denne merknaden i dokument som gjeld merknader del B - Lag og organisasjonar.</p> <p>Sjå også felles kommentarar øverst i dokumentet for:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Merknader til <ul style="list-style-type: none"> - definisjon av berørte partar - Planprosess - Lovlegheta av gondolbane over bustadhus - Alternative traséar - Folkehelse i høve tiltak og planprosess - Ordlyd i kapittel om Formål, oppstartsmøte m.v. - Planavgrensing: "Traseen følger i hovedsak det ubebygdde området mellom Remane og Harhaugen" er misvisande. Hus manglar på karta. - Under rubriken «Samfunnskonsekvensar» og «Undersøking» står det «Etablering av gondol og aktivitetsområde vil bidra til vidare tilstedeværelse, vekst og utvikling for Devoldfabrikken og Langevågen som destinasjon. Dette bør endrast til «Om etablering av gondol vil bidra til vekst og utvikling for Devoldfabrikken i tråd med tiltakshavars ynskjer». <p>I same punkt må det må presiserast kva som er meint med «ønska tettstadutvikling». Om dette er Flakk Gruppen eller kommunen sitt ynskje.</p> <ul style="list-style-type: none"> - «Interesser for handel og næring veies opp mot natur- og friluftsiinteresser» Her må det også veies opp mot bunnmiljø for innbyggjarar.
C13 – 22.10.21 og 25.10.21	<p>Tuva Magritt Molvær og Martin Maråk</p> <p>Maråk og Molvær eiga gbnr 109/365 og 109/596 og kjem nær gondolbana, med innsyn frå bana.</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Merknader til <ul style="list-style-type: none"> - definisjon av berørte partar - Planprosess - Lovlegheta av gondolbane over bustadhus - Alternative traséar - Folkehelse i høve tiltak og planprosess - Ordlyd i kapittel om Formål, oppstartsmøte m.v. - Planavgrensing: "Traseen følger i hovedsak det ubebygdde området mellom Remane og Harhaugen" er misvisande. Hus manglar på karta. - Under rubriken «Samfunnskonsekvensar» og «Undersøking» står det «Etablering av gondol og aktivitetsområde vil bidra til vidare tilstedeværelse, vekst og utvikling for Devoldfabrikken og Langevågen som destinasjon. Dette bør endrast til «Om etablering av gondol vil bidra til vekst og utvikling for Devoldfabrikken i tråd med tiltakshavars ynskjer». <p>I same punkt må det må presiserast kva som er meint med «ønska tettstadutvikling». Om dette er Flakk Gruppen eller kommunen sitt ynskje.</p> <ul style="list-style-type: none"> - «Interesser for handel og næring veies opp mot natur- og friluftsiinteresser» Her må det også veies opp mot bunnmiljø for innbyggjarar. 	<p><u>Kommentar:</u></p> <p>Merknadene – særlig under første punkt har mange felles trekk med uttale frå Vern om Sula. Vi viser til kommentarar til denne merknaden i dokument som gjeld merknader del B - Lag og organisasjonar.</p> <p>Sjå også felles kommentarar øverst i dokumentet for:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Plan for dialog med berørte partar - Planprosess - Spørsmål om det er lovleg å etablere taubane over eksisterande bustadhus - Spørsmål om berørte partar, sikringssone, kompensasjon - Alternativsvurdering for gondolbane - Risikovurdering <p>Planavgrensing: Vi rår til følgjande endring av ordlyd i setning i kap. 2.2.1: "Traseen følger i hovedsak området mellom Remane og Harhaugen"</p> <ul style="list-style-type: none"> - Plankarta i kap. 2.2 blir oppdatert. <p>Samfunnskonsekvensar: Vi rår til endring av ordlyden i kap. 3.3 slik: "I kva grad etablering av gondol og aktivitetsområde vil bidra til videre tilværelse, vekst og utvikling for Devoldfabrikken og Langevågen som destinasjon."</p>

	<ul style="list-style-type: none"> ■ Det står i ROS at transport med gondol er forbundet med ein viss risiko. Denne risikoen tar tiltakshavar på busetnadens vegne ved at gondolen skal gå over deira heim. Kven tar i vare tryggleiken for dei som bur under og i nærliek til banen? Og med kva for eit loverk? ■ Krev to separate planprosessar. Det må utførast en separat detaljregulering. Tiltakshavar skal stå for alle kostnadar, og det er ikkje kommunens oppgåve å avgrense tiltakshavars kostnader eller tidsbruk. ■ Det må beskrivast i planprogrammet korleis tiltakshavar vil legge vekt på god kontakt med dei aktuelle partane. ■ Trase alt.B går rett gjennom område med hekkande staer som er raudlisteart. Dette må utgreiaast, jf. Naturmangfaldslova 	<p>Endra ordlyd under punkt Hva skal utredes:</p> <p><i>"Konsekvenser må sees opp mot kommunen sine ønsker tettstedsutvikling. Interesser for handel og næring veies opp mot natur- og friluftsinteresser, samt bomiljø."</i></p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Utgreiling av naturmangfald inkludert fugleliv ligg inne i planprogrammet
C14 – 25.10.21 Olin D. og Gunnar Molvær	<ul style="list-style-type: none"> ■ Støttar høyringssvaret fra «Vern om Sula». ■ Ber om konsekvensutredning av gondol over bustadar. ■ Ber om at alle andre reelle alternative trasear vert utgreia. ■ Ber om at tryggleiken for barna vert konsekvensutgreia, og at det vert lagt ei plan for trygg skuleveg for barna. ■ Under traseen er der fleire flotte trær som er med på å skape trivsel. Mellom anna ein gammal blodbøk og ei lang rekke med blomstrande kirsebærtrær. Kva skal skje med desse? ■ Korleis vil traseen under banen sjå ut? Fotavtrykket av gondolbanen vil kunne sjåast frå Ålesund og omiggjande områdar. ■ Staer, orrhane og gauk er blant fleire av sårbare artar som bur i området. Desse er svært utsett for miljøforandringer og kan forsvinne frå området. 	<p>Kommentar:</p> <p>Vi viser til kommentarar til merknaden frå Vern om Sula i dokument som gjeld merknader del B - Lag og organisasjonar.</p> <p>Sjå også felles kommentarar øverst i dokumentet for:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Spørsmål om det er lovleg å etablere taubane over eksisterande bustadhus - Alternativsvurdering for gondolbane - Risikovurdering - Plan for dialog med berørte parter - Planprosess - Spørsmål om berørte parter, sikringssone, kompensasjon Tema Folkehelse <p>Fugl inngår i registrering og konsekvensutgreiling av naturmangfald</p> <p>Miljø/natur, tre og skog: Det er eit klart mål at bana skal ligge så høgt at eksisterande</p>

	<ul style="list-style-type: none"> ■ Å byggje i den urørte naturen må også synlegjerast i ei konsekvensutredning. ■ Er vegnettet i/til Langesægen egna for auking i trafikk som kjem som følge av gondolen? ■ Det må sytast for god trafikktryggleik ■ Kva med offentlege toiletfasilitetar og søppelhandtering? ■ Er der kapasitet ved busilparkeringa? ■ Korleis vil ein handiteret villoccamping som kjem på grunn av dårlig kapasitet på tilrettelagt plass? ■ Psykisk helse for dei det gjeld må med i konsekvensutredninga. 	<ul style="list-style-type: none"> tre og skog kan stå under banetroséen. Dette vil bli grundig vurdert i planprosessen. ■ Verknad på urørt natur vil bli konsekvensvurdert. ■ Kapasitet på vegar og parkeringsplassar vil bli vurdert i planprosessen.
C15 – 25.10.21 Henriette og Vegard Eid	<ul style="list-style-type: none"> ■ Det bør utførast ei konsekvensutredning av tenkte opningstider for restaurant og gondol, og kva for konsekvensar dette har på området og aktivitet i sentrum på kveld/nattestid. ■ Konsekvensar for Molværsvatnet bør utgreiaast ■ Er det utført flaumvurderingar? Mast ved nedre del av Molværssbrauta vil kome nær elv. Kan ein eventuell anleggsvei ved Vonloypa eller annet føre til endringar av elva? ■ Det bør utførast vindmålingar i bustadområdet og ved veger der gondolbana skal passere pga støy. ■ Er tryggleiken ivaretatt for beboarar under traseen og dei som må ferdest under dem? ■ Samfunnskonsekvensar – vurdering av om folk vil føle seg trygge i eigen bustad. ■ Planprogrammet bør innehalde vurdering av alternative topp- og botnstasjonar. ■ Stiller seg bak høyringsvar frå «vern om Sulå» 	<p><u>Kommentar:</u> Det blir ikkje ei eiga konsekvensvurdering for opningstider på gondolbana, men temaet bør diftast i reguleringsplanen.</p> <p>Det ligg ikkje føre planar som vil påverke Molværsvatnet. Flaumvurderingar er ein del av planarbeidet.</p> <p>Støyvurderingar vil bli utført av eksternt firma, men det er ikkje planlagt eigne vindmålingar i låglandet.</p> <p>Sjå også felles kommentarar øverst i dokumentet for:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Spørsmål om det er lovleg å etablere taubane over eksisterande bustadhus - Alternativsvurdering for gondolbane - Risikovurdering <p>Sjå også kommentarar til merknaden frå Vern om Sulå i dokument som gjeld merknader del B - Lag og organisjonar.</p>

			<u>Kommentar:</u>
C16 – 25.10.21 André Tafjord og Catharina Kringsstad Vedde	<ul style="list-style-type: none"> ■ Støtter innspel fra Oppvekstutvalet ■ Stiller seg bak innspel fra Vern om Sula ■ Uttrykker uro for den store belastninga dette har, og vidare kan/vil få, for ei avgrensa, men likevel stor del av innbyggjarane i Langevåg ■ Barnehagane vil verte påverka av støy, innsyn, mindre tryggleik, endring av infrastruktur, innskrenking av turområde, folkemassar mm. ■ Buområde under traseen vil få konsekvensar av krenka privatliv, innsyn, støy, stress, bekymring av økonomiske konsekvensar, visuelt støy (vognar i bevegelse, skyggekast), tryggleik mm. ■ Saka går ut over den mentale helsa til dei som engasjerer seg. ■ Det bør bli føretatt ei helsekonsekvensutgreiling op bakgrunn av ovannemnde. Ikke berre om gondolen vert realisert, men også av sjølve prosessen. ■ Ein bør også vurdere ein trase som ikkje går over buområde, i tråd med gjeldande lovverk om alternative trasear. 	<ul style="list-style-type: none"> ■ Sjå kommentar til innspel fra Oppvekstutvalet i dokument som gjeld del A – Offentlege ■ Sjå kommentarar til merknaden fra Vern om Sula i dokument som gjeld merknader del B - Lag og organisasjonar. ■ Sjå også felles kommentarar øverst i dokumentet for: <ul style="list-style-type: none"> - Tema Folkehelse - Alternativsvurdering for gondolbane 	<u>Kommentar:</u>
C17 – 25.10.21 Frank Sunde	<ul style="list-style-type: none"> ■ Er det verkeleg lovleg å bygge ei taubane over bustader og bustadområde slik det her er planlagt? ■ Stillar spørsmål til om prosjektet er samfunnsnyttig. Kva kriterium er lagt til grunn for ein slik påstand? ■ Vi vil ikkje ha ei «utvikling» som øydelegg urøyvd natur ■ Ikke berre blir kvardagen og friheit til folk øydelagt, men også dyre- og fuglelivet blir skadelidande ■ Ligg det føre ei tilfredsstilande konsekvensutgreiling for denne ovannemnte delen av prosjektet? ■ Ein gondol vil totalt øydelegge heile turområdet på Sulafjellet. ■ Fjelllet er urøyvd berre ein gong! 	<ul style="list-style-type: none"> ■ Sjå felles kommentarar øverst i dokumentet for spørsmål om det er lovleg å etablere taubane over eksisterande bustadhus. ■ Vi viser elles til dei konsekvensutgreilingar som i løpet av planprosessen skal gjeraast for naturmangfald, inkludert fugl- og dyreliv, verdiskapings- og ringvirkningsanalyse m.v. 	<u>Kommentar:</u>

<p>C18 – 24.10.21 Alice Reitehaug og Sindre Mørkedal.</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Helsa har blitt negativt prega av prosjektet. Det kjennes som om heimane, naboskap og lokalmiljøet vert trua. ■ Kablar, gondolar og master vil ramme svært mange heimar med tett innsyn, støy og uheldig sikt. ■ Ein vil føle angst for ulukker. ■ Nedfall frå kablar og kabinar – is og olje – skaper vanskår og frykt i til dømes Voss. ■ Vil der vere trygt å ferdes på skulevegen som går under bana? ■ Utbygging på fjellet vil true dyrelivet ■ Trur ikkje ei turisme som forespeila er framtidssretta. Vår tids klimautfordringar krev andre løysingar. ■ Sulafjellet har store myrområde. Desse lagrar store mengder klimagassar. Ei utbygging på fjellet kan skade denne balansen. ■ Protesterer på heile planen, og meiner den må skrinleggjast. Støttar høyringssvaret frå Vern om Sula 	<p>Kommentar:</p> <p>Sjå felles kommentarar øverst i dokumentet for:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Risikovurdering - Tema Folkehelse <p>Konsekvensvurdering vil bli utført for naturmangfaldet på Sulafjellet.</p> <p>Sjå også kommentarar til merknaden frå Vern om Sula i dokument som gjeld merknader del B - Lag og organisasjoner.</p>
<p>C19 – 25.10.21 Mariann Båtnes/Arne Birkeland</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Viser til St.mld nr 16 om nye mål i kulturmiljøpoitikken – Engasjement, bærekraft og mangfold.</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Sulafjellet er eit kulturminne. Ved så stor og omgripande bygging og forbruk av Sulafjellet som vert skissert i «områdeptan for Sulafjellet» går eit stort kulturminne tapt. ■ Saksutgreiinga viser ikkje korleis ein ved utbygging kan ta vare på miljømessige, sosial og økonomisk bærekraft. Korleis vert t.d. berekraft definert? ■ Kva slags omsyn er det tatt til dei som er busette nær utbyggingsområde og forringing av deira levevilkår? ■ Det manglar infrastruktur for masseturisme til å ta i vare den auken i trafikken som er venta. Er dette gjort greie for? Kva konsekvensar vil dette få for

	<p>andre delar/naturområde på Sula, samt innbyggjarane?</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Ved å la Sulafjellet ligge urørt med det landskapet og kulturmiljøet som vi har i dag har framtidige generasjonar grunnlag for å skaffe seg kunnskap, opplevingar (rekreasjon, stillheit og ro). Dette frårøvar vi dei ved å gå inn for ei så gjennomgripande utbygging som no er under planlegging. ■ Ber om at dette vert tatt omsyn til ved vidare utgreining av konsekvensar for ei utbygging i stor skala på Sulafjellet. 	
C20 – 24.10.21 Beate og Fritz Wahl	<p>Er det lovleg å etablere taubane over bustadområde?</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Er bekymra for at planprogrammet ikkje utgreie konsekvensane for dei berørte grundig nok. ■ Er bekymra for inngrisen i miljø og natur. ■ Bygging av gondolbane vil kunne føre til skade på både personar, eigedomar og miljø. ■ Voss gondol er den einaste gondolbana/taubana i Norden som går over bustadområde. Bergen tingrett slo i år fast at gondolbane over bustad krenka eigedomsretten og gir særlempar for dei i traseen. ■ Krav om utredning av alternative trasear som ikkje berørte bustadar, burde også vere med i planprogrammet. ■ Det bør kome fram kven som er definert som berørte, og i kva grad dei er berørte. (ein slik stor installasjon over bustadområde kjem til å berøre langt fleire enn dei innanfor 20m grensa som taubanelova nemner) ■ Kven skal ta ansvar for at bustadar fell i verdi? Det må vere ei konkret plan på kven som tek ansvar og kompensere for den eventuelle ulempa. 	<p>Kommentar:</p> <p>Sjå felles kommentarar øverst i dokumentet for:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Plan for dialog med berørte partar - Planprosess - Spørsmål om det er lovleg å etablere taubane over eksisterande bustadhus - Spørsmål om berørte partar, sikringssone, kompensasjon - Alternativsvurdering for gondolbane - Risikovurdering - Tema Folkheilese <p>■ Mastepllassering vil inngå i landskapsvurdering og visualisering.</p> <p>■ Utarbeidning av ei verdiskapings- og ringvirkningsanalyse ligg inne i planprogrammet.</p>

	<ul style="list-style-type: none">■ Korleis kan planprogrammet sikre ei god vurdering/måling av den subjektive psykiske belastninga for dei det gjeld?■ Kva er dei potensielle negative konsekvensane for Sula kommune dersom det ikkje vert teke omsyn til å unngå taubane over bustadområde? Kan det medføre rettsak mot kommunen?■ Kven skal vere ansvarleg for utbygging og drift av «det omfattande friluftstilbodet» som er nemnt i planprogrammet?■ Saknar krav om utgreining av tema «Befolkningsas helse» og ulykker vil påverke beboarane, både i anlegg- og driftsfasen, og tema «Barn og unges oppvekstvilkår».■ Sjølv om det vart førespregla ingen nedfall i Voss, er det et faktum at det skjer. Her må det avklarast ansvar, tryggleik, risiko osb.■ Under tiltaksområder «landskap». Bør det takast med meir konkret om plassering av master i bebygd område, og konsekvensar for Molvær bustader og Largevåg bedehus, og ikkje berre analyser om vindretning-/vindstyrke mtp mastebygning og plassering.■ Kan ikkje sjå at «to parallelle prosesser» er ein fordel for andre enn tiltakshavar.■ Dei ulike konsekvensane for Sula kommune bør komme fram som innhald i planprogrammet.■ Ber om ei uavhengig analyse av forretningsplanen til «Destinasjon Sulafjellet». Og ei konkretisering og konsekvensanalyse av dei estimerte positive ringverknadane for Sula kommune.■ Kor gjennomtenkt er planen, er det hald i estimata for inntekt?■ Samsvrar det med det tiltakshavar seier han ynskjer å nytte anlegget til?■ Kor mange arbeidsplassar er estimert?
--	---

	<ul style="list-style-type: none"> ■ Kor stor verdiskapingspotensiale har prosjektet? ■ Kva får vi som kommune i bytte mot alt det negative som står på spel? 	
C21 – 25.10.21 Anne Margrethe Standal.	<ul style="list-style-type: none"> ■ Støttar innspel frå «Vern om Sula» ■ Blir prosjektet gjennomført vil det innebere ei rasering av fjellet, det viktigaste rekreasjonsområdet for folket på Sula. Det vil føre til ei forvandling av bygda, som politikarane må tenke grundig gjennom om dei verkeleg ynskjer. ■ Skal Sula bli til ein turistkommune for dagsturistar av eit heilt anna slag, den typen turistar som blir meir og meir uønskte mange stader i verda, både fordi dei blir oppfatta som eit gjennomfartsfenomen som forstyrra den lokale roa, og fordi dei legg att lite pengar, sidan dei alt har betalt for det dei treng, gjennom cruisebåtbilletten. Og fordi dei kjem med eit forureinande cruisekip. ■ Rundehornet er den av toppane på Sula som er synleg frå heile Langesundsgågen, eit kjent og kjært landemerke kanskje langt utover kommunegrensene. Glashuset på Rundehornet vil trone som eit framandelement i det som til no har vore urørt natur. ■ Naturtapet som dette prosjektet vil resultere i, burde vere nok til å stanse det. ■ På Rundehornet hekker det rype og orrfugl. Desse vil verte skremd vekk av ein gondol. ■ Rundehornet ligg nesten alltid innhylla i skodde. Bilete av solnedgangen som prydar planprogrammet må kunne seiast å vere villeieing av kunden, altså cruiseturisten. ■ Eit alpincenter på Sulafjellet, midt i havgapet på regnfulle Sunnmøre, må konkurrere mot Stranda og 	<p>Kommentar:</p> <p>Vi viser til kommentarar til merknaden frå Vern om Sula i dokument som gjeld merknader del B - Lag og organisasjonar.</p> <p>Vi noterer oss elles merknadene.</p>

	<p>Bjørli. Dette vert det neppe lønnsemd i. Er det gjort ei økonomisk analyse?</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Privatpersonar må betale ein høg pris for realiseringa av eit prosjekt bygda ikkje treng. ▪ Gondolplanane har ført til bygdestrid, familiestrid, nabostrid. Politikare med ansvarkjensle burde ha stoppa planane berre på grunn av dette. ▪ Mange reagerer sterkt på at ein privat tiltakshavar får forsyne seg gratis av fjellområdet, og legge utnyttingsplanar som ikkje passar inn i verken naturen på fjellet eller nede i bygda. ▪ Ei så stor endring som gondolprosjektet vil medføre, vil kanskje gjere Sula mindre attraktiv som bukommune. 	
C22 – Anitra Kringstad Erle Kringstad Roald Kringstad Oliver Kringstad Sofie Drønnen Simon Drønnen Odd Arne Drønnen	<ul style="list-style-type: none"> ▪ I taubanelova står det at taubaner normalt ikkje skal gå over hus utan eigar eller brukars samtykke. Er gondol på Sulafjellet av samfunnskritisk betydning? ▪ Uttale frå sentrale myndighete i Oslo meiner at paragraf 5 i taubanelova er helt klar. Vertikal eigedomssrett gjeld, korleis kan ein sjå bort i frå denne? ▪ Korleis kan ein rettferdiggjere å gå vidare med destinasjon Sulafjellet før dom er falt i saka på Voss? ▪ Kven ser ein på som berørt? Og kva for psykososiale innverknadar vil bygging ha på berørt innbyggjarar i Sula kommune ▪ Er det taubanelova ein forhold seg til? ▪ Alle som ser seg sjølv som berørt bør kompenserast og ivaretakast. ▪ Kva kriterium legg ein til grunn for å få kompensasjon? ▪ Om ikkje utbyggjar gir kompensasjon, vil Sula kommune då gjøre det? 	<p>Kommentar:</p> <p>Sjå felles kommentarar øverst i dokumentet for:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Spørsmål om det er lovleg å etablere taubane over eksisterande bustadhus - Plan for dialog med berørtre partar - Spørsmål om berørtre partar, sikringssone, kompensasjon - Risikovurdering - Tema Folkehelse <p>Vi viser også til kommentarar til merknaden fra Vern om Sula i dokument som gjeld merknader del B - Lag og organisasjoner.</p> <p>Andre kommentarar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utarbeidning av ei verdiskapings- og ringvirkningsanalyse ligg inne i planprogrammet. - Planprosessen vil avklare kor stort planområdet blir, og kva aktivitetar det blir opna for - Ingen kan starte opp aktivitetar før tilgang til eigedommen er avklara med grunneigar etter avtale/erverv. - Det var Nordplan AS og tiltakshavar sitt ønskje å avklare kva tiltak som kan opnast for i ein samanhengande planprosess i

	<ul style="list-style-type: none">■ Hovudargumenta for bygging av gondolen er tiltrenge midlar til kommunekassa, då bør alle i kommunen bidra til å kompensere eigars tap.■ Gondoprosjektet skapar stor spild. Kva for innverknad vil dette ha for samfunnet? Kva er planen for å forebygge dette? Kor mykje kostar dette lokalsamfunnet?■ Vil det vere trygt å ferdaust under gondolen?■ Skulevegen går under gondolbana, det er frykt for nedfall.■ Kva er planen for å trygge dei innbyggjarane som bur og ferdaust i området?■ Dersom gondolen vert bygd og det viser seg at farleg nedfall frå denne førekjem. Kva skal til for å fjerne gondolen igjen?■ Er den økonomiske gevinsten så stor at ein meiner at det er forsvarleg å gi slipp på 25% av utmarka på Sulafjellet?■ Kor stor forventar ein at den økonomiske gevinsten å vere for kommunen? Kva forventar utbyggjar å tene?■ Kva skal dette store arealet nytaast til? Kan den som vil starte opp aktivitetar i gitte område? Korleis kan folkvalde og innbyggjarar sette seg inn i kva for inngrep som vil bli gjort, når det ikkje er dokumentert?■ Det stillast spørsmål ved om det er «god dialog» når den går via facebook.■ Kan utbygginga forsvaret med tanke på klimakrisa (på grunn av skade på naturen)■ Kva for tiltak vil bli gjort for å unngå forringing av natur?■ Støtter høyringsvar fra «Vern om Sula»■ Var det kommunens eller utbyggars ynskje å slå saman utredningane?	<p>staden for å dele den i to etterfølgjande, ut frå den argumentasjon som er omtala i planprogrammet. Dette vil ikkje påverke omfanget av utgreiingar.</p>
--	---	---

	<ul style="list-style-type: none"> ■ Innbyggjarane ynskjer ein nøyaktig og ryddig prosess, der all informasjon kjem fram. ■ Har det blitt gjort alt for at innbyggjarane skal få tilgang til all informasjon om gondolen? ■ Korleis kan kommunen rettferdigjere å sette innbyggjarane til side for økonomisk gevinst? ■ Korleis kan kommunen vere med på å øydelegge natur og fjell for alle kommande generasjonar? 	<p>C23 – 25.10.21</p> <p>Gautie, Ketil og Edvard Molvær</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Viser til brev til kommunen i mai 2017 der det søkjast om reguleringssendring på gbnr 109/10. Det vil vere naturlig at ei reguleringssendring gjerast som del av planarbeidet for området. ■ Ber om – syner til brev i mai 2017 – at konsekvensar for evt. framtidig utbygging (etter evt. reguleringssendring av søkt område – ref. brev mai 2017) framkjem som del av utredninga. 	<p>Kommentar:</p> <p>Planstatus for aktuell del av gbnr 109/10 er friområde/grøntareal både i reguleringsplan og kommuneplan. Det er ikkje igangsett noko arbeid med reguleringssendring ut over brevet som vart sendt Sula kommune i 2017.</p> <p>Nordplan AS vil ta opp spørsmålet om framtidig reguleringsformål for gbnr 109/10 med Sula kommune, men vil ikkje ta noko sjølvstendig initiativ for å endre formålet frå friområde til bustadareal. Ei eventuell omregulering til byggefområd vil også krevje undersøkingar på eigedommen (arkeologi og vurdering av områdestabilitet).</p>
	<p>C24 – 25.10.21</p> <p>Stig Valldal og Antonia Guijova</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Sula kommune bør innhente ei avklaring frå Samferdselsdepartementet om det er lov til å etablere taubane over bussetnad. ■ Sula kommune bør vente på eventuell konklusjon frå saka i Voss. ■ Krenkelse av eigedommretten kan og ved behov vil klagast inn til den europeiske domstolen for menneskerettigheter. ■ Det forventast at kommunen køyrer prosessen i 2 trinn, slik det ble lova. ■ Klagen frå fleire som vart berørt må ferdigbehandlast før ein går vidare i prosessen (K-sak 036/21) 	<p>Kommentar:</p> <p>Sjå felles kommentarar øverst i dokumentet for:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Spørsmål om det er lovleg å etablere taubane over eksisterande bustadhus - Plan for dialog med berørt parter - Spørsmål om berørt parter, sikringssone, kompensasjon - Planprosess - Alternativsvurdering for gondolbane - Risikovurdering - Tema Folkehelse 	<p>Vi viser også til kommentarar til merknaden frå Vern om Sula i dokument som gjeld merknader del B - Lag og organisasjoner.</p>

	<ul style="list-style-type: none"> ■ At berre trase B utgjera last er ikkje i tråd med krava fra «Forskrift for konsekvensutredning», som krev at fleire reelle alternativ utgjera last. ■ Dersom omsynet for dei som vert berørte er reell, må minst ein av desse alternative traseane starte frå foten av fjellet, og ikkje gå over bustadområde. ■ Føresettinga om «positiv dialog» bør konkretiserast. Ber om en definisjon av kven som er dei «berørte». ■ Her nyttast et belte på 40 m, mens i Voss er det sett av 130 m gjennom skog med tanke på tryggleik for gondolen i tilfelle brann. Dette må også utgjera last og grunneigarar må varslast om konsekvensar. ■ Sula kommune bør konkretisere kravet for «positiv dialog» og legge til rette for at det skjer. ■ Kva ligg i planprogrammets uttale «enkelte berørte vil få kompensasjon»? ■ Spørsmålet om eventuelle kompensasjonar bør avklarast og konkretiserast av utbygger. ■ Oreiigningslova seier at ekspropriasjon berre kan nyttast i samfunnskritiske prosjekter. Ekspropriasjon vil vere på tynt grunnlag. ■ Påstanden frå planprogrammet «Traseen følger i hovudsak det ubygde området mellom Remane og Hauhaugen» er direkte feil. Over 150 mennesker har sinn heim her, og er dermed direkte berørte. Det blir også stadig nytta kart som ikkje synar alle bustadar (og tomter) – noko som er kritikkverdig både av utbygger, og Sula kommune. ■ Sula kommune bør innhente vurderingar som belyser konsekvensane for kommunens infrastruktur og lokalsamfunn, og som bidrar til å vurdere samfunnsnyttai i prosjektet. ■ Ber om ei grundig og uavhengig utredning av prosjektet, slik at vi vet kor mange besøkande vi kan reelt forvente, og kor mange tilreisande – frå sjø og veg. Og sjå på konsekvensane for Sula kommune – 	<p>Andre kommentarar:</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Skog/beite under gondol: Det er eit klart mål at bana skal ligge så høgt at eksisterande tre og skog kan stå under banetraseen, utan rydding av brei gate. Dette vil bli grundig vurdert i planprosessen. ■ Omtale av planavgrensing i kapittel 2.2.1: Vi rår til følgjande endring av ordlyden: "Traseen følger i hovedsak området mellom Remane og Hauhaugen" ■ Kart blir oppdatert i kapittel 2.2. ■ Utarbeiding av ei verdiskapings- og ringvirkningsanalyse ligg inne i planprogrammet. ■ Eventuell endring av Devoldhavna vil bli regulert med god detaljering. ■ Konsekvensutgreiinga for naturmangfold vil omfatte heile plåtået for Sulafjellet
--	---	---

	<p>kostnadsmessig, samfunnsmessig og infrastrukturmessig.</p> <ul style="list-style-type: none">■ Den overordna plana for Langevåg sentrum må ikkje forsinkast for å gi tid til en motsigande plan.■ Gondolprosjektet avvikar frå den valte kurs for Langevåg sentrum, og vil gjere store deler av det som er planlagt i sentrumsplanen umogleg.■ Vil prosjektet gå utover attraktiviteten/innflyttinga til Langevåg? Ber om at konsekvensane av dette utgreiaST, for å kunne sjå om Sula kommune vil behalde sin positive innbyggarutvikling i framtida og konsekvensane på kommunens omdøme■ Ber kommunen om å avslutte sentrumsplanen først, sidan den skal vere ei overordna plan.■ Devoldhamna, her må det krevjast detaljregulering og konsekvensanalyse. Kva vil dette ha å seie for eksisterande naust/støper og båtar i utfar? Minner om a dette er eit verneverdig miljø i samsvar med det som står i sentrumsplanen.■ Med kva fart og frekvens vil desse hurtigbåtane gå?■ Skal området inngjerdast slik som det er gjort i området rundt Thorolf og på andre hamneområde for turistar, som i Geiranger?■ Det må gjerast ei tryggleksanalyse av hamneområdet, då dette er mykje nyttå av beboarane.■ Fryktar at båtforbindelsen mellom Langevåg og Ålesund vil bli dyrare og tilbodet for innbyggjarane dårligare.■ Still spørsmål ved at Sula kommune gir utbygger moglegheit til å byggje på fjellet. Burde dette heller ha vært lagt ut på anbod/offentleg kunngjiring for mogleg privat forretningsdrift på og i tilknyting til Sulafjellet? Er det lovleg å gi bort så store verdiar til ein privat aktør utan at det går gjennom i det minste konseknsiosa eller nokon form for tilbakefallrett til
--	---

	<p>det offentlege eller dei private grunneigarane som no truaast med ekspropriasjon?</p> <ul style="list-style-type: none">■ En gondol er berre berekraftig samanlikna med annan type transport. Samanlikna med godt bevart naturinngripen er gondolprosjektet ikkje berekraftig■ Alpinanlegg og langrennsłøyper må utgreiast. Ei langrennsskiløype vil vel krevje belysning. Sykkelsti vil krevje omfattande dreneringsarbeid i et av dei best bevarte myrområda langs kysten.■ Dersom sykkelstiar, langrennsløyper, alpintrasear og trekk, og zipline skal byggast må desse konsekvensutgreiaст for folk og miljø, utgreiaст for konsekvensa for naturmangfaldet, då lys og økt besøkstal vil ha konsekvensar for alle som lever og ferdast i området.■ Prisnivået på ein billett tur/retur vil vere for høgt til at lokalbefolkinga vil kunne dra nytte av tilbodet ofte nok til å kjenne på den omtalte helsegevinsten. Skal helse vere eit privilegium for dei velståande, samtidig som ein setter funksjonshemma som målgruppe for gondolen?■ Det bør lagast konsekvensutredning for folkehelse, inklusivt helsa til det som vart berørt.■ Teksten «sikre framtidig drift av Devoldfabrikken» bør fjernast frå planprogrammet, då det tolkaст som ei trussel om at dersom ein ikkje går for gondolprosjektet vil Devoldfabrikken leggast ned.■ Det bør også fjernast frå planprogrammet informasjon om kor mykje det har kosta tiltakshavar å eie og drifta sine eigne eigedomar hittil Planprogrammet bør slike til å belyse relevante aspekt av prosjektet og gjeldande regelverk og krav, slik at ein kan vurdere gondolprosjektet og ta ei informert sluttning, om, kor og korleis prosjektet bør realiserast – eller ikkje■ Støttar høyringstilsynet frå «Vern om Sula»
--	---

<p>C.25 – 25.10.21 Maria og Per Egil Skylstad Peder Skylstad Karoline Skylstad Anna Skylstad</p>	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Ber om at planarbeidet dokumenterer om intensjonen i taubanelova er tatt i vare, og om planen legg til rette for eit lovleg tiltak. ▪ Ber vidare om at det utgreast og definerast i plansaka kva kommunen risikerer av rettsleg etterspel, dersom det vert gjort vedtak som seinare viser seg å vere ulovleg. ▪ Det er uakseptabelt at planprogrammet har varsla ei planavgrensing som har potensiale for å legge til rette for berre ei løysing. I følge krav i forskrift om konsekvensutredning skal alle gjennomførbare løysingar utgreast. ▪ For å få kontroll på alle konsekvensar som følger av kvar enkelt okasjon, må lokasjonar delast opp og vurderast kvar for seg ned følgjande oppdeling: 	<p>Kommentar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Sjå felles kommentarar øverst i dokumentet for: - Spørsmål om det er lovleg å etablere taubane over eksisterande bustadhus - Plan for dialog med berørte partar - Alternativsvurdering for gondolbane - Risikovurdering - Tema Folkehelse <p>Vi viser også til kommentarar til merknaden frå Vern om Sula i dokument som gjeld merknader del B - Lag og organisasjoner.</p> <p>Andre kommentarar:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Utarbeiding av ei verdiskapings- og ringvirkningsanalyse ligg inne i planprogrammet. ▪ Støy vil bli utgreidd av eksternt firma. ▪ Eventuelle tiltak ved Devoldkaia vil bli regulert på detaljert nivå, men dette kjem først i reguleringssplanen, ikke i planprogrammet. ▪ Konsekvensutgreiingar vil også gjelde område for eventuelt alpinanlegg. ▪ Følgjande setning under kap. 1.2 Formål i avsnitt om konstruksjonar og anlegg blir tilrådd sletta: "Målet er en utbygging som er skånsam mot naturen og som tilpassar seg denne". ▪ Flamuverdieringar vil inngå i planarbeidet
--	---	---

	<ul style="list-style-type: none">■ Planarbeidet må konsekvensutgrete kva påverknad gjennomføring av planen vil gi for folkehelse og lokalsamfunnet.■ Konsekvensutredninga må dokumentere i planførersegnene kva prinsipp som skal leggast til grunn når utbygger skal erstatte grunneigarars verditap av sine eigedomar.■ Ber om at planarbeidet dokumenterer kva som skal leggast til grunn for å definere kva eigedomar som vert berørte av planane, og dermed vil ha rett på erstatning.■ Ber om at planarbeidet definerer kva prinsipp forslagsstillaar vil legge til grunn for erstatningsbeløp■ Ber om eit budsjett for erstatningar til dei som var berørte.■ Ber om at planarbeidet utgriper og beskriv korleis gjennomføring av planen skal sikrast. Ber om at kostnadar dokumenterast (advokatkostnadar, kostnader til grunnkjøp og avgifter elles)■ Ber om at konsekvensutredninga tar føre seg framtidig trafikkstøy, og inkluderer kostnaden for avbøtande tiltak i rekneskapsen for samfunnsnytte.■ Estetisk fjernverknad må samanliknast mellom dei ulike alternativa som må utgriast■ Ber om at planarbeidet definerer og fastsett kva som skal gjennomførast av positiv dialog med datoar, deltagarar og type gjennomføring.■ Ber om nærmare spesifikasjon i planprogrammet med detaljering og dømer, som angir moglege/planlagde tiltak for sjøarealet ved Devold.■ Ber om at planprogrammet angir meir detaljer og informasjon om kva konsekvensar dette tiltaket vil kunne gi.■ Formål for alpinanlegg ligg ikkje i kommuneplanen.■ Dermed må temaet vel vere eit eiga utredningstema
--	--

	<p>i konsekvensutredninga dersom det er planlagt gjennomført?</p> <ul style="list-style-type: none">■ «Målet er en utbygging som er skånsam mot naturen og som tilpassar seg denne». Setninga er upassande i eit plandokument med dette hovudformål.■ Ber om at forslagsstiller og plankonsulent legg meir arbeid i å synleggjere plangrensa i alle kart og ortofoto i revisert planprogram til høyring slik at det er mogleg å orientere seg. Samtidig må planområde utvidast til å inkludere alternative trasear og lokasjonar.■ Varsel om oppstart inneheld formelle feil. Varsla planarbeid vil innebere endring av gjeldande reguléringsplanar og må følgjeleg også varslast med visning til gjeldande loverk, dvs pbl 12-14. Kunnskapsgrunnlaget på friluftsliv må oppdaterast i planarbeidet og dokumenterast.■ Hydrologi: Det må utførast konkret analysear for elvane i planområdet.■ Det må gjera ei utredning om samfunnskonsekvensar – grunneigarar og naboar til dei alternative trasene.■ Det må gjera ei utredning om samfunnskonsekvensar – spisestader og overnatningsstader■ Det må gjera ei utredning med tema: «Barn og unges oppvekstvilkår – kva vil skje med lokalsamfunnet? Ber om at det vert innhenta informasjon frå kommunar som har masseturisme av liknande karakter og dokumentert.■ Gjere ei utredning med tanke på kriminalitet.■ Anleggsvagar er varsla plassert i området ved Sula rideklubb. Det er høy risiko for livsfare dersom mennesker og hestar ferda i områder med tungtransport.
--	---

	<ul style="list-style-type: none"> ■ Skadepotensialet på naturen må vektast i konsekvensutredning ■ Ber om at det innhentast informasjon fra Voss kommune og deira gondolprosjekt vedr. Kva kostnadar som har kome gjennom åra som følge av behandling i rettsapparatet. ■ Støtter høyringsværet frå «Vern om Sula» 	
C26 – 25.10.21 Erik Vågnes	<ul style="list-style-type: none"> ■ Alternativ trase innebefører ikkje alternativt startpunkt. Ved å ha nesten 2 identiske trasear, over sentrumsområde, belysast ikkje fordelear/ulempar ordentleg ■ Vil det bli utgreia korleis ei slik bane kan redusere innbyggjarane si lyst til å ferdest i fjellet og på den måten vere til hinder for aktive brukarar. Kan tap av natur verke inn på innbyggjarane mentale helse og vil dette bli utgreia. ■ Vil det bli gjort ei analyse av dei økonomiske fordelane av prosjektet opp mot moglege økonomiske konsekvensar av å gjøre deler av kommunen mindre attraktiv å busette seg i. ■ Har Flakk gruppen oppfylt kravet frå kommunestyret om god dialog? ■ Bør ikkje beredskap og ulykkesrisiko innehalde risiko ved å ha bane over trafikkerte vegar og sentrumsmråde ■ Vil det bli vurdert bebuaranne i omsorgsbustadane sin rett til privat og tryggleik 	<p><u>Kommentar:</u></p> <p>Sjå felles kommentarar overst i dokumentet for:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Alternativsvurdering for gondolbane - Plan for dialog med berørte partar - Risikovurdering - Tema Folkehelse <p>Vi viser også til kommentarar til merknaden frå Vern om Sula i dokument som gjeld merknader del B - Lag og organisasjoner.</p> <p><u>Andre kommentarar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Utarbeidning av ei verdiskapings- og ringvirkningsanalyse ligg inne i planprogrammet. Tivilsamt om denne avklarar i kva grad ei gondolbane gjer deler av kommunen meir eller mindre attraktiv for busetjing.
C27 –24.10.21 Iselin Midtgård	<ul style="list-style-type: none"> ■ Støtter merknad frå Vern om Sula 100% 	<p><u>Kommentar:</u></p> <p>Vi viser til kommentarar til merknaden frå Vern om Sula i dokument som gjeld merknader del B - Lag og organisasjoner.</p>

			Kommentar:
C28 – 25.10.21 Kristine Hurlen	<ul style="list-style-type: none"> ■ Støtter merknaden fra Vern om Sula ■ Avklaring om det er lov å bygge taubane over busstader må innhentast fra Samf.dep. Taubanelova gir ikkje lov å bygge hus under taubane ■ Kva og kven som har rett på kompensasjon må avklarast. Gjeld dette også dei som vil bli plaga med lysstøy ■ Avklarast konsekvensar for friluftslivet på Sula. Det vert løfta fram at vi er ein kommune i vekst med fokus på rekreasjons og naturområde. Vil en gondol påverke tilvekst. ■ Kva konsekvensar vil dette få for nærliggande busstadar og forsamlingshus. Bedehuset vil bli liggande mellom 2 master og med avstand på 5 meter frå gondolen. Vil støy og lysstøy gjere samling vanskeleg ■ Brann i bedehuset vil få store konsekvensar for taubana ■ Kva kompensasjon er tenkt for bedehuset ■ Kva konsekvensar vil taubana ha for beboarar på omsorgsbustaden. ■ Vil det bli ekspropriering dersom grunneigar ikkje ønsker å seie eller å gi løype til å sette opp master Skal hamn vere ein del av områdepianen ■ Er det relevant med skisenter ■ Det må utgreiaast kva faremoment og risiko som kan bli av inngrepa i fiellet. Anleggsvegar inkludert Det må framstilla ei visuell løysing som viser korleis inngrepa med både rydding av skog og fjerning av fjell vil sjå ut og korleis det vil sjå ut med lys om natttida nært og fjernt ■ Alternativ botnstadasjon må utgreiaast ■ Konkrete ringverknader, både positive og negative i lokalsamfunnet. Kor mykje pengar vil turistane legge igjen. Cruiseturistar legg igjen svært lite pengar viser undersøkingar 	<p>Vi viser til kommentarar til merknaden frå Vern om Sula i dokument som gjeld merknader del B - Lag og organisasjona.</p> <p>Sjå også felles kommentarar øverst i dokumentet for:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Spørsmål om det er lovleg å etablere taubane over eksisterande bustadhús - Plan for dialog med berørte partar - Spørsmål om berørte partar, sikringssone, kompensasjon - Planprosess - Alternativsverdering for gondolbane - Risikovurdering - Tema Folkehelse <p>Andre kommentarar:</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Konsekvensar for bedehus, omsorgsbustader og nærliggande bustader vil bli avklara gjennom planprosessen ■ For tilgang til areal må det gjerast avtale med grunneigar, og det vil alltid bli forhandla med sikte på frivillig avtale. Sula kommune vil avgjøre om det skal setjast i gang oreigningsprosess der frivillig avtale ikkje er mogleg å oppnå. ■ Tiltaket vil bli visualisert. Det vil bli lagt stor vekt på å unngå flatehogst i trasear. ■ Utarbeidning av ei verdiskapings- og ringvirkningsanalyse ligg inne i planprogrammet. 	

	<ul style="list-style-type: none"> ■ Sula er ingen turistkommune i dag, kva ringverknader vil denne tilrettelegging ha på infrastruktur og identitet 	
C29 – 24.19.21 Anne-Grete Tusvik Molvær	<ul style="list-style-type: none"> ■ Avklaring om det er lov å bygge taubane over bustadar må innhentast frå Samfdep. Taubanelova gir ikkje lov å bygge hus under taubane ■ Bygging av gondol vil føre til skade på både personar (ulykker, helse/trivsel), eigedomar (bandlegging, innsyn/hindre privatlivets fred) og miljø (store naturinngrep i områder regulert til friluftsliv) ■ Det bør vere krav om utgreining av alternative trasear som ikkje berører bustadar. ■ Det bør komme tydeleg fram kven som er definert som berørte og i kva grad. Bandlegging av eigedomar vil utsette dei berørte for ein stor og økonomisk konsekvens. ■ Kan tiltaket medføre rettsak for Sula kommune frå berørte ■ Kven som skal vere ansvarleg for utbygging og drift av anlegget bør kome tydlegare fram i planprogrammet <p>I kap. 3.3. saknar krav om utgreining av befolkninga si heile born og unge sine oppvekstvilkår</p> <p>Under tiltaksområde Landskap bør det takast med konkret om plassering av master i bebygd område og konsekvensar for Molvær bustadar og Langevåg bedehus.</p> <p>■ Uttrykker bekymring over vedtaket i kommunestyret, sak 066/21, for at prosessen med områdereguleringa kan unnatakast krav om detaljregulering (to parallelle prosesser). Berørte partar ønskjer separate prosesser</p> <p>■ Når skal dialogen begynne og slutte og kva innhald</p> <p>■ Karta må vere oppdaterte slik at dei viser eksisterande bustadar</p>	<p>Kommentar:</p> <p>Sjå felles kommentarar øverst i dokumentet for:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Spørsmål om det er lovleg å etablere taubane over eksisterande bustadhus - Plan for dialog med berørte partar - Spørsmål om berørte partar, sikringssone, kompensasjon - Planprosess - Alternativsvurdering for gondolbane - Risikovurdering - Tema Folkehelse <p>Andre kommentarar:</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Kartgrunnlag blir oppdatert med alle bustader ■ Utarbeidning av ei verdiskapings- og ringvirkningsanalyse ligg inne i planprogrammet. ■ Masteplassering vil inngå i illustrasjon av prosjektet

	<ul style="list-style-type: none"> ■ Kor stort verdiskapningspotensiale har prosjektet. ■ Kva får vi som kommune i bytte mot alt det negative som står på spel for folk og natur. ■ Prognosar for forventa inntekter og utgifter fra prosjektet 	
C30 – 25.10.21 Johanne Hoff	<ul style="list-style-type: none"> ■ Støtter merknaden frå Vern om Sula ■ Det vert ikkje nemnt cruiseturisme i planprogrammet. Dersom cruiseturistar ikkje er det som skal gjere prosjektet økonomisk gunstig ønskes det betre innsyn i finansieringsplan ■ Eksisterande verksemd for tiltakshavar er irrelevant for utredning av gondol. Tekst som: «Devoldfabrikken opplever aukande konkurranse...», «Tiltakshavar ser behovet for å ta grep som sikrar vidare tilstedeværelse...» bør fjernast ■ Folkehelsa: Det kan tenkast at mange som aktivt bruker fjellet i dag vil slutte med det. Støy vil gjøre det mindre attraktivt ■ Økonomisk usikkerheit som følge av tap av bustadverdi kan vere psykisk belastande ■ Splittelse i bygda i form av ein rekke konfliktfylte debattar i forskjellige forum ■ Det bør gjerast risikovurdering knytt til nedfall frå gondol ■ Det er ein irrelevant betraktning i alternativsvurderinga at dette alternativet råkar vesentleg færre bustadar enn i det første alternativet ■ Det blir stilt spørsmål til risk planprosess kan ha negative konsekvensar for berørt 	<p>Kommentar:</p> <p>Vi visert til kommentarar til merknaden frå Vern om Sula i dokument som gjeld merknader del B - Lag og organisjonar.</p> <p>Sjå følgende kommentarar øverst i dokumentet for:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Spørsmål om det er lovleg å etablere taubane over eksisterande bustadhus - Plan for dialog med berørtre partar - Spørsmål om berørtre partar, silkringszone, kompensasjon - Planprosess - Alternativsvurdering for gondolbane - Risikovurdering - Tema Folkehelse <p>Andre kommentarar:</p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Utarbeidning av ei verdiskapings- og ringvirkningsanalyse ligg inne i planprogrammet. Cruiseturisme vil vere ein del av kundegrunnlaget
C31 – 25.10.21 Molvær Holding as/ Molvær Butikk eiendom as	<ul style="list-style-type: none"> ■ Planer og løyper for eigedom 109/378 og 109/526, er ikkje foreinleg med gjeldande traseaval for gondolen ■ Dette er næringseigedomar med godkjenninng for butikk/næringsdrift og leilegheiter i 2.etg. 	<p>Kommentar:</p> <p>I vidare planarbeid vil det bli lagt stor vekt på å unngå begrensingar i forhold til dei løyve som er gitt for gbnr 109/378 og 109/526. Vi vil ha kontakt med grunneigar på dette i planprosessen.</p>

	<ul style="list-style-type: none"> Dette gjeld også for etasjehøgder, arealutnytting/ bruk av master plassert på eigedomen Dei vil ikkje kunne akseptere nokon form for avgrensingar for vidare næringsdrift på eigedomane 	<p>Vi gjer for ordens skuld merksam på at det ikkje er samsvar mellom den parkeringsløysinga som er vist i dykkar situasjonsplan og framlegg til områdeplan for Langevåg sentrum.</p>
C32 – 24.10.21 Thor Eidar og Gunnhild Sæther	<ul style="list-style-type: none"> Protesterer mot planane om gondol 	<p>Kommentar:</p> <p>Merknad er notert.</p>
C33 – 24.10.21 Frank Hide	<p>Merknaden er svært grundig og omfattande, vi rår til å lese originalmerknad om ein vil ha med alle detaljar. Har også fleire vedlegg som supplerer merknaden.</p> <ul style="list-style-type: none"> Stiller spørsmål til lovlegheten med dei alternativ som presenterer gondolbane over busetnad, bustad og sentrumsnære areal Planprogrammet manglar fleire relevante lovverk som må tas omsyn til og inngå i det vidare arbeidet Framstilling av innhald i planprogrammet må tydeleggjeraast for å ikkje å gi feil inntrykk av kva som inngår i områdeplanen og skal utgreiaast Etterlyser eigarskap til planprosesen frå kommunen si side og krev tydlegare styring vidare, dette må klargjeraast i planprogrammet Tiltaket må sjåast opp mot kommunen sitt verdival og visjonar for Sula kommune Planprosesen må gjennomførast som ein ryddig og grundig todelt prosess med områderegulering etterfylgt av detaljregulering Forhold til dialog og korleis dette skal etablerast må inngå som ein del av planprogrammet 	<p>Takk for grundig innspel. Korte kommentarar her, men innhaldet blir tatt med vidare i planarbeidet.</p> <ul style="list-style-type: none"> Sjå felles kommentar øverst i dokumentet for spørsmål om det er lovleg å etablere taubane over eksisterande bustadhus Kommentarar til loverk: Generelt: Lista blir ikkje 100% dekkande, vi prøver å få med dei mest sentrale for planprosessen. - Loverk gjeldande oreigning er mest relevant i fasen etter at reguleringsplanen eventuelt er godkjent - Støy: Vi har med Klima- og Miljødepartementets rettleiar T-1442, som er mest relevant i relevant planfasen. - <i>Vi legg til "Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2019 – 2023 i lista under retningslinjer kap 1.6.2</i> <p>Høyringspartar:</p> <p>DNT Summører er lagt til i lista i kap 4.2.1</p> <ul style="list-style-type: none"> Sjå felles kommentar øverst i dokumentet vedr. planprosess Sjå felles kommentar øverst i dokumentet vedr. Plan for dialog med berørte partar Vi meiner planomrisset er tilstrekkeleg for kva areal som kan vere aktuelt å inngå i det endelige planframlegget. Konsekvensutgreiing for naturmangfold vil uansett dekke heile platået på Sulafjellet. Sjå også kommentar øverst i dokumentet vedr. Alternativsvurdering for gondolbane. Sjå felles kommentar øverst i dokumentet vedr. Tema folkehelse

	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Berørte må kartleggast og konsekvensutgreiast. ▪ Taubanelova har ikkje føreseigner knytt til berørte ▪ Forespeila kompensasjon er ikkje reell kompensasjon ved ei realisering og presenterer ikkje omforente løysingar ▪ Alternativsvurderinga må presentere reelle alternativ. A og B er variantar av same alternativ. O-alternativet må også utgreiast ▪ Tiltaket underbygge ein bransje som ikkje er berekraftig. Korleis stått tiltaka mot nasjonale mål og planer knytt til natur, miljø og berekraft ▪ Forhold til folkehelse må utgreiast. Konsekvensar for dei berørte og konsekvensar av endra bruk av fjellet ▪ Det må i planprogrammet kome tydeleg fram kva fordelear storSAMfunnets skal få av tiltaket og risiko ved at dette ikkje blir «god butikk» ▪ Det må hentast erfaringar frå tilsvarende tiltak med gondol over bussetnad. ▪ Moglege framtidige følgkonsekvensar av tiltaket må belysast. 	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Utarbeidning av ei verdiskapings- og ringvirkningsanalyse ligg inne i planprogrammet. ▪ Følgkonsekvensar: Vurdering av kva tiltak som måtte bli aktuelle i framtid etter at eventuell gondolbane er realisert vil bli stor grad av synsing. Vi konsentrerer oss om vurdering av dei tiltak som inngår i dette planforslaget, så må det bli ny prosess for eventuelt nye forslag i framtida.
C34 – 24.10.21 Lars Elgsaas	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Fjellet og naturen kommer ikkje til å bli den same. Kven skal fjerne denne når den ikkje er bruk lengre? ▪ Tiltaket skapar konflikt blant beboarane ▪ Det er feil å legge gondolen over bustadar, bedehus, omsorgsbustadar og sterkt trafikkerte vegar der mange vaksne og born ferdest, turtypen, INF-område og ridestiar for hestar 	<p>Kommentar:</p> <p>Vi noterer oss synspunkt i merknaden. Sjå også felles kommentarar øverst i dokumentet.</p>
C35 – 25.10.21 Dan R. Kråkenes og Sunniva Molvær	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Støtter høyringssvar til Vern om Sula ▪ Ber om at vidare handсaming blir sett på vent til høgsterettssaka i Voss blir avgjort og det er gjort avkaringar mot samf.dep. ang. Om det er lovleg å etablere taubane over bustadar ▪ Det bør legge inn ny definisjon på berørte til å gjelde alle innan 150 meter frå gondolen 	<p>Kommentar:</p> <p>Vi viser til kommentarar til merknaden frå Vern om Sula i dokument som gjeld merknader del B - Lag og organisjonar.</p> <p>Sjå også felles kommentarar øverst i dokumentet for:</p>

	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Planprogrammet må beskrive ertstatning meir i detalj. Ber om at det blir gjort ei vurdering av forventa verditap for alle innan 150 meters avstand ▪ Opplysnings om når og korleis positiv dialog med berørte skal gjennomførast må inn i planprogrammet ▪ Skal arealet for master, mellomstasjon og toppstasjon eksproprierast eller skal det inngå avtaler ▪ Grunnkart må oppdaterast, huset på gbnr. 109/605 er ikkje inn teikna på kartet ▪ Utgreiing av påverknad på fugleliv i hekkessongen og av kvalifiserte ornitologar. 	<ul style="list-style-type: none"> - Spørsmål om det er lovleg å etablere taubane over eksisterande bustadhús - Plan for dialog med berørte partar - Spørsmål om berørte partar, sikringssone, kompensasjon <p>Andre kommentarar:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ For tilgang til areal for master, mellomstasjon og toppstasjon må det gjerast avtale med grunneigar, og det vil alltid bli forhandla med sikt på frivillig avtale. Sula kommune vil avgjøre om det skal setjast i gong ▪ Kartgrunnlag der frivillig avtale ikkje er mogleg å oppnå. Kartgrunnlag vil bli oppdatert ▪ Fugleliv blir vurdert av kvalifisert, eksternt firma.
C37 – 25.10.21 Lasse Sunde	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Saknar Forsvaret, Langevåg skyttartlag og Sula JFF på distribusjonslista. Desse driv skyttetreining i området under tenkt mellomstasjon ▪ Avklaring med samf.dep om det er lovleg med taubane over bustadar ▪ Kven definerer berørte. Mange har utsikt mot Sulafjellet og det vil vere ein visuell forureining med kontinuerleg gondoltrafikk ▪ Friluftsinntressert vil bli berørt av tiltaket. Det er veldig mange turgåarar i dette området i dag. ▪ Prosjektet børde legg omrent heile fjellområdet ▪ Det må utarbeidast ei konsekvensanalyse som belyser dei «positive» ringverknadene for innbyggjarane i Sula ▪ Er prosjektet samfunnsnyttig? ▪ Pkt. 1.2. Skal det gravast og leggast nye rør mellom Moværvatnet og Devold gjennom etablert bustadområde? ▪ Pkt. 1.2. For å etablere skitrekk med dei snøforholda ein har i eit normalår, må det vel gjerast store inngrep i heile fjellsida med planering av løyper? Er det samf.øk lønnsamt når det er kort skisesong? 	<p>Kommentar:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Høyningspartar lagt til i kap 4.2.1: <ul style="list-style-type: none"> - <i>Møre og Romsdal Heimeverndistrikt (HV11)</i> - <i>Sula Jeger og fiskerforening</i> ▪ Utarbeiding av ei verdiskapings- og ringvirkningsanalyse ligg inne i planprogrammet. ▪ Dersom det skal gravast og leggast nye rør gjennom etablert bustadområde til kraftstasjon ved Devoldfabrikken, vil det bli behandla i eiga konsekvens-sak. Det blir ikkje bestemt eller behandla gjennom denne reguleringsprosessen. På området til Devoldfabrikken vil det bli vurdert plassering av eventuell ny kraftstasjon. ▪ Etablering av skitrekk – og konsekvensar av det - vil bli vurdert i løpet av planprosessen. ▪ Fugleliv blir vurdert av kvalifisert, eksternt firma. <p>Sjå også felles kommentarar øverst i dokumentet for:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Spørsmål om det er lovleg å etablere taubane over eksisterande bustadhús - Plan for dialog med berørte partar

	<ul style="list-style-type: none"> ■ Pkt. 3.3.1 – Det må gjeraast vurderingar i forhold til at anlegget er tenkt plassert i eit hekkeområde for fleire fugleartar ■ Pkt 3.2. Optimalisering for minst mogleg ingrep er vanskeleg når heile fjellet blir berørt ■ Vil turistar ta gondol til Rundehornet når skodde og skyr meir vanleg enn å sjå solnedgangen? 	<ul style="list-style-type: none"> - Spørsmål om berørte partar, sikringssone, kompensasjon
C38 – 22.10.21 Eivind og Live Molvær	<ul style="list-style-type: none"> ■ Avklaring med samf.dep om det er lovleg med taubane over bustadar ■ Ber om at berørte på Voss blir intervjua for å få innslikt i korleis gondol har påverka dei. Det er lagt fleir enn dei innan 40-meters avstand som er berørt. ■ Korleis vil tiltaket påverke lokalbefolkinga som nyttar området i dag til tur og rekreasjon. Og dei som må kryssse under bana kvar dag på veg til arbeid/skule ■ Det må leggast fram ein plan for korleis tilbakeføre naturen dersom drifta vert avvikla. Dei ber om ei trendanalyse ■ Ber om grundig planprosess, og to separate prosessar med områderegulering etterfulgt av detaljregulering ■ Anleggs- og driftsperioden må endrast til anleggsperioden og dei eksakt tal år bana vil vere i drift. Driftsperioden vil vere vesentleg lengre ■ Ber om at det vert utdypa meir presist kva som definerast som ulemper, og at vurderingane gjeld både på fysisk og på psykisk helse. ■ Det må vurderast konsekvens av den psykiske belastninga av å konstant kunne vere iaktatt i sin eigen heim, og den psykiske belastninga av konstant støy ■ Viser til kulturdep. «Veileder for alpinanlegg» spesielt pkt. 2.1.4 Nedfartar som gjeld 	<p><u>Kommentar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> Sjå felles kommentarar øverst i dokumentet for: <ul style="list-style-type: none"> - Spørsmål om det er lovleg å etablere taubane over eksisterande bustadhus - Plan for dialog med berørte partar - Spørsmål om berørte partar, sikringssone, kompensasjon - Planprosess - Tema Folkhelse

	<ul style="list-style-type: none"> ■ grunnpreparering og kva følger det får for fauna og kva som anbefalast for å gi gode skipllevingar ■ Ber om simulering for å sikre riktig dimensjonering av stiar som følge av auka aktivitet ■ Ber om at konsekvensanalysen av verdiskapninga Sula kommune får ved ikkje å bygge ned fjell og bumiiljø ■ Kva er ein positiv dialog og korleis bidra til at dette blir ein positiv dialog? Forventar endringar i planprogrammet som følge av alle innspela 	
C39 – 25.10.21 Ola Arne Nybø	<ul style="list-style-type: none"> ■ Gondolplanen må grundig vurderast i samband med konsekvensane for Langevåg sentrum og tilpassast sentrumsplanen ■ Sula kommune treng meir plankapasitet ■ Plassering av startpunkt ved Devoldsfabrikken vil hindre ei god utvikling av Langevåg sentrum ■ Det må sjåast på konsekvensar for framtidig trafikkavvikling, kapasitet og tryggleik og dette må sjåast i samanheng med områdepelanen for Langevåg sentrum ■ Uheldig om sentrumsplanen blir underpriorert, tilsi desett og forseinka til fordel for gondolplanen 	<p><u>Kommentar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> ■ Planen vil bli tilpassa det arbeid som er lagt ned i områdeplan for Langevåg sentrum så langt det er mogleg. ■ Kapasitet for trafikkområde og parkering vil bli vurdert som følge av evt. gondolbane
C40 – 24.10.21 Tove Tusvik	<ul style="list-style-type: none"> ■ Det er ikkje nemnt så myke om konsekvensane for dei som bur i området der traseen er planlagd ■ Dialogen er fråverande, dialog via fb fungerer ikkje bra ■ Det skulle vere fleire trasear med i planen. Gondolen bør starte frå foten av fjellet og ikke over bustadar. ■ Dette er same ulempene for bustadane i dette alternativet som i alternativ A ■ Verditap på bustadane. Kompensasjon for berøtte eigedomar ■ vind og værforhold. Og gondolen vil gå over to sterkt trafikkerte vegar og skuleveg 	<p><u>Kommentar:</u></p> <p>Sjå felles kommentarar øverst i dokumentet for:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Plan for dialog med berøtte partar - Alternativsvurdering for gondolbane - Risikovurdering - Tema Folkehelse

			<u>Kommentar:</u>
C41 – 24.10.21 Matias Mørkedal	<ul style="list-style-type: none"> ■ Viser til vern om Sula sine kommentarar ■ En liten positiv helseeffekt at dei som ikkje kan ta seg opp på fjellet sjølv, kan ta gondolen. Men denne helseeffekten er minimal i forhold til aktive turgåarar. Kostnadset også grense for kor ofte ein kan ta gondolen. ■ «... kan vere negativt med støy og ulemper...» - kan børtakast ut, tiltaket vil vere negativt både for dei som bur i nærlieken og brukarar av fjellet. Tiltaket vil øydelegge store områder som i dag vert nytt til rekreasjon og treningsarena ■ Mange har fått psykiske og fysiske plagar av usikkerheita for framtida. Dei økonomiske konsekvensane vil bli store for dei berørte. Gondolen vil ha større verknad enn berre for dei nærmeste bustadane, og vil også representere ei fare for dei som bur og ferda i nærlieken med m.a. nedfallsfare. ■ Psykiske plager og muskel-skjelettplager vil samsynlegvis auke og dette er dei mest kostbare helseplagene i Noreg. Dette konsekvensane for folkehelsa må også utgjeraast 	<p>Sjå felles kommentarar øverst i dokumentet for:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Plan for dialog med berørte partar - Risikovurdering - Tema Folkehelse 	<u>Kommentar:</u>
C42 – 25.10.21 Signy Irene Vågnes	<ul style="list-style-type: none"> ■ Støtter Vern om Sula sin merknad ■ Er berørte godt nok ivaretatt i prosessen? Bygda er splitta og enkelte redde for miste/får verditap på bustadane ■ Ønskjer å verne om fjellet og naturen ■ Korleis vil gondolen påverke hesteholdet ved rideklubben? Vil planen omfatte parken og ridestien? Det er ikkje ønskeleg å ri langs trafikkerte veger. Blir hesten skremd kan det føre det farlege situasjonar i trafikken eller om ridestien blir en del av anleggsvegen eller gondolen kommer over den. 	<p>Sjå kommetarar til merknaden fra Vern om Sula i dokumentet som gjeld merknader del B - Lag og organisasjonar.</p> <p>Sjå også felles kommentarar øverst i dokumentet for:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Plan for dialog med berørte partar - Risikovurdering - Tema Folkehelse <p>Konsekvensar for rideklubben og anlegget vil bli grundig vurdert i planprosessen.</p>	<u>Kommentar:</u>

C43 – 24.10.21 Marthe og Andre Fylling	<ul style="list-style-type: none"> • Er det godt nok å flytte traseen berre nokre meter? • Trase A blei verna då den berørte mange. Dem har også hus under og langs traseen • Det skulle utgreiaast flere alternative trasear. Er det godt nok med berre eitt alternativ? • Det skulle vere god dialog med berørte. Den er ikkje til stades • Mastene er plassert rett framfor huset, dei mister utsikt, friheit og får innsyn, støy osv. • Bana vil gå over 2 trafikkerte veger og også over skuleveg • Verditarap på bustadane. Kva med kompensasjon? 	<p><u>Kommentar:</u></p> <p>Sjå felles kommentarar øverst i dokumentet for:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Alternativsvurdering for gondolbane - Plan for dialog med berørte partar - Risikovurdering - Spørsmål om berørte partar, sikringssone, kompensasjon
C44 – 25.10.21 Sandra Vasset Hansen og Rune Harald Hansen	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Støtter merknad frå Vern om Sula 100% 	<p><u>Kommentar:</u></p> <p>Vi viser til kommentarar til merknaden frå Vern om Sula i dokument som gjeld merknader del B - Lag og organisasjoner.</p>
C45 – 13.09.21 Ingebjørg Nilssen	<ul style="list-style-type: none"> • Har mange god minner frå Sulafjellet og Devoldfabrikken. Men meiner at gondolbane over hus blir tragisk for lokalbefolkinga. 	<p><u>Kommentar:</u></p> <p>Merknad er notert.</p>